

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.02.2017**

**Roald Kvamme (A) og Rosalind Fosse (Frp)** stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er medlemer i Hordaland fagskulestyre. Kvamme og Fosse gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at dei ikkje var inhabile etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Roald Kvamme og Rosalind Fosse tiltredde saksbehandlinga.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Punkt 2, 6, 8 og 10 i vedtekten for styret ved Fagskolane i Hordaland vert endra som følgjer:

#### **Punkt 2.**

Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.

#### **Punkt 6.**

Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvising, utesenging og andre disciplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

#### **Punkt 8.**

Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis denne vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha etablert kvalitetssikringssystem som sikrar kontinuerlege forbeteringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.

#### **Punkt 10.**

Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgt.